

Eirik Ingebrigsten

KONGLEPRØVEN

Utanfor teltet hørte han fresinga frå grantreets rotklump. Det var eit lydmønster han så smått hadde vent seg til; denne låge, ujamne fresinga som no og då nådde ein topp av knurring eller piping, ei slags klaging. Det kunne minna om pipinga frå ein vedkubbe på eit godt tent bål, men der ei bål glo kan trua med å smella seg laus frå vedkubben, låg det her ein truande eksplosjon i lyden som inkluderte *heile* grantreet, ikkje berre den vridde rotklumpen som stakk opp frå bakken. Dette var treet sitt sår. Rotklumpsåret virka som ein ventil for den sjuke grana.

Ola hadde observert feltet i Widtskogen frå sein ettermiddag. Det hadde tatt tre timar å køyra hit, og dagslyset forsvann så og seia samtidig som han rigga seg til. Sovna klarte han ikkje, sjølv om klokka snart var halv to. Kokt tre, tenkte han. Kunne rotklumpen og den abnorme bogegangen der ute vera teikn på at trefibermassane syda i sin eigen lokale, kjemiske prosess som ville bli til cellulose før natta var omme? Akkurat det hadde han aldri høyrte om før, men spørsmål som dette måtte bli stilt når dei kom, for *dette* hadde han aldri sett før. Fleire frå *Skog og landskap* må koma hit og sjå treet, tenkte Ola. Samtidig kjente han at han ville vera aleine med observasjonen av det sjuke grantreet.

Om ikkje anna, så uttrykte lyden og dampen frå såret i rotklumpen smerta grantreet bar i seg. Han låg og lukka auga. Hardt. Ingen svar i løpet av kvelden, og no var det gått så lang tid at han skubba fleire og fleire av tankane over i ulike bilete. I eitt av desse skaut grantreet opp frå bakken i ein rein eksplosjon av kvistkaos. Kylande spidd av greiner, fliser og konglekuler i heftige dryss utover nabokronene. Eit bilete, ei løysing! Hardt, og han blei bevisst korleis han kneip auga igjen samtidig som han var lys vaken. Han opna dei, opna glidelåsen på soveposen og lét den kjølige lufta sleppa inn. Stillongsen var enno på, men han fraus ikkje. Det hadde han ikkje gjort heile kvelden. Det sto ein tydeleg varme ut frå treet og rotklumpen. Eit nytt fres lydde, ja eit djupt knurr var det, ein lyd som sat djupt og var innkapsla, som frå tarmane på eit menneske. Dette *var* mektig, tenkte han, dette var noko nytt. Heilt vant med lydane frå rotklumpen hadde han altså ikkje blitt. Men redd var han ikkje sjølv etter alle endringane som kom med kveldsmørke; lydane som forsvann, lydane som kom inn, bileta som voks.

Han opna teltduken. Skogen og trestammene inn mot Widttjern var svakt opplyste av snødekket, men månen fekk han ikkje auge på. Han knytte støvlane og

trekte på seg villmarksgenseren. *Skogforsk*-emblemet var plassert så nærme hjarta som mogleg. Den nye villmarksgenseren, bestilt etter fusjonen mellom *Skogforsk* og *Norsk institutt for jord- og skogkartlegging*, no med namnet *Norsk institutt for skog og landskap*, var ein heilt lik genser som den gamle, men her var det nye emblemet trykt på ryggen, noko som instituttleiinga meinte var ein rein produksjonsfeil, og sidan krangelen med produsenten ikkje var over, låg genseren framleis ubrukt heime i pakkeplasten sin. Ola tok på seg lua sjølv om det var mildt nok utan. Joda, treet sto på same plass som sist. Igjen lurte han på om lengderota vekk frå rotklumpen hadde vekse i breidda berre sidan han kom. Han tvilte på at det var mogleg. Men kvifor tenkte han på moglegheita? Rotklumpen med såropninga var danna i den vridde bogegangen, ein sjuk skru som steig opp halvannan meter over torva; oppe for å trekka pusten eller oppe for å sleppa ut gift. Her var rota også på det tjukkaste før han beina ut og ned, gjekk eit stykke langs bakken, deretter under jorda igjen. Om rotklumpen sto opp i friluft lenge før varmeutviklinga starta, var umogleg å seia. Ein ekstrem variant av snøskyttesopp var ein teori, eller filtsopp, men noko mørkt mycel spant ikkje inn granbaret så langt han kunne sjå. Men han skulle gjerne ha kome seg opp i treet for å sjå om det var forskjell på baret. Også rotmorkel hadde han notert i feltboka som mogleg forklaring. Der treng sporesekkane 37 grader for å spira. Rundt rotklumpen var temperaturen mykje høgare, eit kokt miljø heller enn spirande.

Steinen han brukte til toalett låg som ein enkel markør i terrenget. Det var her ved steinen skiljet gjekk frå barmark til snø. Varmen frå grantreet førte til lokal snøsmelting. Han utvida sonen med gult piss. Kvifor hadde han ikkje sett opp markørar her for å sjå om snøsmeltinga hadde akselerert i ytterkantane? Og kvifor var han ikkje trøtt? Han knekte av ei grein frå ei bjørk, sette som påle ved snøgrensa. Oppover lyngtuene låg det tjukt med snø, også der tuene trefte nye grantre. Ved lengderota låg snøen i brøytekantar på kvar side av det oppvarma rotsporet, og Ola meinte at vegetasjonen så smått hadde vakna til liv i sjølve sporet, men sikker var han ikkje. Med dagslyset ville han kanskje bli det. Og då ville han også ta fleire foto.

Han gjekk bort til tripoden og slo på arbeidslampen som var retta høgt innover skogen i retning Widttjern. Kva hadde han speida etter der? Ola følte seg kvikk, nyvaken. Han vrei lampen ned og mot granstamma. Han visste at stamma var varm, men gjekk bort og la handa mot barken. Kor lang tid ville det gå før han slo seg til ro med at sånn var det, sånn sto denne grana her framfor han og var varm og sjuk og heilt utan dei svara han trengte? Trefibermassane frå sårprøven han hadde skore

opp, såg kvitsaftige og normale ut. Men konsistensen var mjukare. Kvaesamlaren hadde alt tatt til seg noko utflod. Vanlegvis ville det ikkje ha gått så fort. Ola tok opp steiketermometeret frå lomma og kjørte det inn i stamma.

I mellomtida tende han opp bålet igjen, mest grunna lyset og selskapet. Jakka hadde han ikkje gått med sidan han kom. Han fyrte opp med tyrived og avis, hadde framleis nokre gode kubbar liggande i forteltet. Bålet brøla opp, snakka same språk som rota. Susinga frå litt for rå ved, over i suset frå rotklumpen. Det skulle lite til for å få felt grana, studert fenolinnhaldet i årringane, men det var ikkje det han ville, det var ikkje konstruktivt å tenka slik; obduksjon, diagnose, eventuelle miljøtiltak, ferdig arbeid. Om treet kunne bli friskt her det sto, var *det* det beste. Eller om treet kunne fortelja han noko nytt, om ein time, om fem timar, om eit døgn.

Han sjekka steiketermometeret. 52 grader, som sist. Det kunne stå ei stund til. Han panorerte arbeidslampen oppover. Greinene sto i fint spenn, snøfrie så langt han kunne sjå, altså strålte varmen oppover, utover. Heile treet var i takt med fyrbøtinga frå treet sin kjellar, rotklumpen. Men sjukt? Han måtte venta på lyset før han fekk sjå toppen, men det såg ikkje unormalt oppover, og kongleklasane, hengte tungt. Han speida oppover greinene etter ein bra klatrebane. Det ville ikkje gå. Han måtte rekvirera ein stege skulle han få prøver frå toppen. Sjølv om han fann bakkekonglar var det dei der oppe som kunne gje svar. Han vrei lyset ned, hørte eit djupt knak frå skogen. Ingenting, berre eit islagt vatn som snakka. Han kikka etter konglar ved stamma. Ingen. Han gjekk heilt inn til stamma, hukte seg ned under greinene; og det var som å koma inn, granhytta sto her utan at nokon hadde bygd han opp. Det var mjukare her, ein annan lyd under greintaket, varmare, her kunne han sitte, ja, dette var ei hytte. Han såg ut: det putra friskt der borte frå rotklumpen. Det mangla ro, han hukte seg opp og ut frå granhytta. Og ingen bakkekonglar å sjå. Pussig. Han måtte ha med seg ein kongleprøve. Grana tviheldt på alle konglane sine sjølv no når ho var sjuk. Ei glad, feberheit gran heller enn ei sjuk gran.

Han dreidde arbeidslampen mot rotklumpen, gjekk ned dit. Lukta det søtt? Lukta det ikkje nett som mynte? Ola sin høgrefot sklei på sleip jord så det støkk til i låret hans. Det trøtte kjem over meg no, tenkte han. Han sto, venta litt, pulsen hamra i beinet; han var heime i trappene der han voks opp, i full fart, opp eller ned utan å snubla, med ein kropp gjennomtrekt av huset, med føter som hadde nøyaktige mål av høgda på trinna og armen med handa i lufta i nøyaktig høgde med gelenderet om han måtte gripa det. Det lukta verkeleg søtt. Og det minna om mynte. Han trudde

dunsten blei sleppt ut med dampen, at det kom frå kvaestraumen. Då var det ei endring å snakka om, for lukta var han sikker på ikkje var her tidlegare på kvelden.

Natta var no like lang i begge endar; det som hadde vore, kvelden og den vesle kvilen i teltet, låg bak i tid, og det som skulle koma, morgonkvisten med frukosten, låg framfor. Ola blei glad av å tenka på lyset, på maten. Han kunne eta no, men han ville venta. Ei nydeleg, søt lukt. Handa hans kvilte på rota der skruen gjekk over i smalare tre. God og varm. Han kjente at trefibermassane var porøse. Sjølve såret var for varmt å ta på. Steiketermometeret viste 91 grader sist han målte direkte i det. Han ville ta tempen på nytt snart. Det kom større varme frå rotklumpen enn frå bålet ved teltet. Eit godt bål, tenkte han, slik må det også vera resten av natta. Han kikka bort på stamma. I morgon ville kanskje folk koma hit, i alle fall ei lokalavis. Kva skulle han seia til dei? Rett og slett ein amok tilstand som resulterer i varmeutvikling? Det kunne han seia. Så kunne han avvisa at lokrustsoppen herja med konglane så dei skumma av sjukdom. Her var det snakk om ein heilt ny treskade. Ein overproduksjon. Eller ein feilutvikling i forholdet mellom gametofytt og sporofytt, at den samlande zygoten var blitt skeiv og sprang løpsk på ny og på ny og på ny.

Bort til treet igjen. Stilla arbeidslampen oppover. Ola løfta blick og hovud, alt la si tyngd på skuldrene. Aleine med jobben, her, i denne natta! Slik treet kokte og heldt vinterfest! Grantreet reiste og reiste seg der oppe, ingen stjerne i toppen. Han såg ikkje, berre ante grantoppen når det gjekk vind gjennom. Om det var så gale at treet hadde vakse i breidda, fekk han finna ut av når det lysna, når han igjen såg bergfallet han kunne sikta mot i glenna på andre sida av Widttjern.

På ny vrei han lampen ned mot rotklumpen. Han måtte ned igjen der. Liksom meir å finna ut av der. Energifeltet gjorde han gjennomvarm. Det hissa opp i rotsåret, teikna ikkje til å gje seg. Bort og ta på rota igjen, tenkte Ola og steig inn i lysfeltet: *Sjuka sår av røyk og elde, kva skal binda opp vår kvelde.* Stemma kom frå grantreet. Akkurat her skulle det altså vera, i hans felt, i hans nattskog, det sjukaste tre, dette som ikkje kan kallast normalt lenger. Og grantreet med sitt språk av luft og damp, sine sukk og syd av lyd. Kva steig av tankar og syn i natta, kva blei igjen på bakken, kva forsvann opp i lufta for alltid? Ola lukka auga, heldt seg fast i den tempererte rota.

– Når lyset kjem, sa han og løfta handa. Han såg noko. *O' nattas mjuke venger, kor drar ho hen, denne natt då eg ikkje lenger tilhøyrer meg sjølv?* Ord og bilete tok fart, den mørke rota var lys i krafta si, det steig strålepilar opp armen og

Ola klemte tilbake, han klemte til og merka ikkje bakken, nei, han merka berre lufta, og lufta var i alt han greip med høgrehanda, greip om konglen så det prikka friskt, han såg konglen, ein kongle som steig og sokk om kvarandre, gjekk rundt sin eigen akse, hengte og hengte og venta på Ola som greip og greip og kjente det stråla opp armen frå rota, stråla vidare opp til grepet om konglen, og ja! ein varme som la seg om han, heilt roleg, og Ola var ikkje redd for pulsen; dette kvikke i kontakten, natta kom med den einaste overgangen å snakka om, kom med eit rasp av vind over augelokka som ikkje var vind likevel, og mørke omslynga det varmaste punktet i skogen, han trengte ikkje å sjå, for buskane voks av seg sjølve, han ville ikkje sjå, men konglen heldt han fast til rota, heile han blei eit statisk klem frå bakken og gjennom dei to grepa som tvinga og heldt på dette kvikke i kontakten, fortare no! og det gjekk som eit siste ras gjennom skogen, ein tiurlaus skog der ordet steig opp i song, songen som bar det einaste ordet: kongle, ordet som Ola no sa: kongle, roleg sa han det, roleg pusta han frøform på frøform framfor seg inn i det varme mørke som han greip med handa i lufta og konglen var fanga, her var konglen, ja, konglen, han kjente på konglen, ja, hans kongle, fanga i handa for alltid, og konglen hengte i lufta og var ny hos Ola som tviheldt på rota og førte seg sjølv, konglen og rota tilbake til treet medan han sa Takk.

Ola opna auga og pusta, stemma forvitra og han lirka seg laus frå rotgrepet medan høgrehanda sto stiv opp i lufta, samanknytt om konglen som ikkje var der. Han senka handa, løyste knyttnevegrepet. Kor mektig var ikkje denne stunda, kor kraftfull var ikkje skogen og nattsongen!

– Eg... sa Ola. Meir sa han ikkje, men gjekk opp til bålet og sette seg på jaktstolen. Han kjente seg ør, men også opphissa. Eit konglesyn! tenkte han. Han starta å gni armen, massera muskulaturen som stramma etter kraftprøva ved rota. Det blødde lett frå eit risp ved det innarste leddet på veslefingeren, handa skalv og underarmen var stiv og blokkert. Eit konglesyn, tenkte han igjen. I høgre handflate var det små søkk etter neglene som hadde gripe rundt den imaginære grankonglen i lufta. Han hadde hatt eit konglesyn. Det var heilt klart. Eit ekte konglesyn! Eg er ein liten mann i denne skogen, tenkte Ola og tok av seg genseren.

Ola fann fram den reine undertrøya frå sekken og skifta ut den sveitte. Villmarksgenseren hengte han over rota, og i skinet frå arbeidslampen såg han korleis det steig damp også frå den. Han såg så klart det han ikkje såg. Alt tok han inn. Han tenkte på småbuskane heime, dei han berre såg toppen av frå stolen ved

kjøkkenbordet. Sjølv om han ikkje kunne sjå fuglane som åt frå talgbollane, såg han likevel at dei gjorde det; busktoppane rista fram etebevegelsar i tyngda frå talgbollane der småfuglane festa seg med klørgrep. Hakk! riv laus! et! svelg! Dei var her framfor han. Ola drakk vatn, tok av lua, men tok han på igjen. Der oppe fekk han berre vera sveitt. Dette var heftig, tenkte han. Ikkje sidan Hans Rollands sterke konglesyn-serie på sekstitalet, hadde det vore snakk om at andre hadde hatt skikkelege konglesyn. Han hadde lese alt av Hans Rolland og det var Rolland sjølv som hadde avslørt ei rekke skinn-konglesyn hos kollegaer, reine forfalskingar anten synet kom i eit område der det rett og slett ikkje var tre som bar konglar, eller at konglesynet kom under meditasjon eller påverknad frå medisinar. Men her! No i natt! Ola strekte armen bakover, greip med den andre og strekte meir. Dette visste han ikkje korleis skulle formulerast i rapporten, eller *om* det skulle skrivast ned i det heile. Mat, tenkte han. Kan ikkje venta til frukost likevel. Eller jo, kunne kalla det frukost no når klokka snart var halv seks. Svolten steig inn i den tomme magen med sitt hole, krafsande hallo.

Må få tak i ein stige, tenkte han. Kaffivatnet kokte og han blanda i. Han hadde opna ein boks mais. La salami på knekkebrødet. Åt. Han ante ei lysning, som om bakkesnøen ikkje hadde like stor, skinande kraft opp mot greinene. Trea som sto nærmast den sjuke grana, såg framleis upåverka ut. Ei gran var riktig nok greinlaus til midten av stamma, utan teikn på at elgen hadde vore der. Men snøen låg tjukk på det; barnålene var eit flettverk som tok i mot snøfnugga som danna nytt flettverk, eit samarbeid mellom det varme og det kalde, snøen var små Michelinmenn som klatra i treet.

Kaffien smakte, men fekk fart på tankar og teori som blei kasta gjennom fleire bilete. Ein hund gøydde på andre sida av Widttjern. Ein stige. Ola såg på klokka. Kvart på sju. Om ein time kunne han vel finna folk, låna ein stige.

Ola gjekk ut i frå at det var den same hunden han hadde hørt gøy på morgonkvisten, som helste han velkommen på gardstunet. Det var som det skulle vera, hunden var ein sint varslar i band. Ola var prega av den varme våkenatta, han merka det allereie på kjerrevegen ut av Widtskogen, og hunden fekk vel utslag på ein del uvanlege luktregister. Hundebandet var kopla på ein vaier, spent opp mellom garasjen, fjøset og hovudhuset. Han sprang i ytterkanten av vaierbanen, ei styrt og nedrig løype for ein hund, som haren i eit greyhoundløp. Hunden stoppa brått og ufrivillig eit par meter frå Ola og dørklokka. Det song i vaieren. Ola trengte ikkje å ringa på. Ei dame

med svære, litt redde auge, opna. Ola presenterte seg, sa han jobba ute i Widtskogen for *Institutt for skog og landskap*. Han sa ikkje med kva. Men han trengte å låna ein stige. Dama sitt blikk forandra seg ikkje, men stemma var mild og roleg.

– Sven er snart heime igjen, sa ho. Nøkkelorda *jobb, skog og stige* var enkelt programmert rett til mannen hennar.

– Skal snakka med han då, sa Ola. Ho nikka. Måtte mannen samtykka om stigelånet? Sto det verkeleg så dårleg til her? Kanskje det låg ei forklaring bak det skremte blikket likevel? Dei trengte ikkje venta. Sven kom nede i vegen, med taktfaste *dakk-dakk*.

– Trist å sjå han slik, han som var så frisk, sa kona hans og peikte. Bonden, Sven, kom gåande med stavar.

– Far min jobba på garden her til han blei 78 år, knapt sjuk før den tid, sa ho.

– No lever vi kanskje lenger, men er mykje sjukare på vegen, heldt ho fram. Ola blei overraska, ikkje av det ho sa, men at ho sa det. Noko som måtte ut, her og no, til ein framand. Og han kjente han blei irritert, dette hadde han ingenting med å få vita; det var han som trengte hjelp. Sven kom bort til dei, helste. Han pusta tungt.

– Ja, du jobbar med det treet då? spurte han. Hadde han sett meg i går?

– Ja. Eg kom for å låna ein stige, sa Ola.

– Det var ein slektning av meg som meldte inn treet. Han gjekk tur forbi der i går. Etter det han sa, kan det vera ekstrem soppsjuka, sa Sven. Kona hans hadde alt forsvunne inn, det var ikkje meir for ho å gjera her.

– Har du kjennskap til tresjukdommar? spurte Ola. Sven pusta tungt enno, tynn og innholen, hadde sikkert vore sjuk, eller så var han det framleis.

– Det er då berre til å fella det, sjå om siste årringen er fenol-mørk, sa Sven. Ja, han hadde då litt peil, tenkte Ola.

– Ei vulkanrot, blei eg fortalt. Ja, eg må ned dit sjølv og sjå. Kan tyda på nitrogenoverskot også, sa Sven og sette stavane i startposisjon. Han snudde seg og såg på hunden som rota borte ved fjøset, også der i ytterkanten med lenka i strekk opp til vaieren. Dei gjekk mot garasjen og Ola tok det for gitt at dei gjekk for å finna stigen.

– Har du sett eller hørt om noko liknande her i skogen før? spurte Ola.

– Nei. Ikkje du heller? Ola rista på hovudet. Sven henta fram ein fjernkontroll frå jakkelomma og strekte fram mot garasjeporten som begynte å skrangla seg veg oppover. Ein kvit jeep sto rett utanfor garasjen. Det var kanskje like greitt, for der

inne var det trongt om plassen. Ola la merke til to pengespelmaskiner som sto innarst. Dei var kopla til straum, for det blinka og loopa der borte. Sven gjekk bort til ein frys, klappa lokket og snudde seg mot Ola.

– Fisk? Vil du ha?

– Fisk? Har du så mykje? sa Ola.

– Var på fjorden i går, svarte Sven. – Men røyene eg fekk på Widttjern sist helg, får du ikkje, sa han og lo. Latteren gjekk over i ein stygg hoste. Han måtte vera sjuk, tenkte Ola. Han følte at han måtte ta i mot fisken for å koma seg vidare til stigen, hans billett til stigen låg i fiskepakken. Filetar av torsk. Sven tok opp to pakkar, la dei rett på sementgolvet.

– Denne må du sjå, sa han og løfta opp ein plastpose som knitra skarpt av frost. Han opna og løfta ut ein heil fisk. Ola såg ikkje kva slag det var med ein gong, men han såg fort at det var noko gale med fisken, noko med munnen, skamfert under fiske, tenkte Ola først, men så skjønna han at det ikkje var det heller.

– Er det ein torsk? spurte Ola.

– Ja, det er då det, svarte Sven. – Men sjå nærmare på skinnet, sjå kor grønleg det er. Og her. Sven peika langs ryggbeinet. Ei lys stripe gjekk frå midten av skallen nedover til halebein, eit skilje ut mot resten av fiskekroppen og sjølvkjøtet. Det var som om fiskens rygg sto litt opp og ut, at det ikkje var kontakt gjennom den lyse stripa.

– Du treng ikkje vera interessert i fisk for å sjå at her, her er det noko spinnvilt, sa Sven.

– Og sjå munnen. Torsk med hareskår! Eg trur neppe det er skade frå ein annan fiskar. Ein kort melodi kom frå ein av automatane, med mekanisk jubel og applaus som avslutting. Ola merka korleis det trøtte hadde sige inn over han. Alle tankar måtte igjennom eit lag med ull, og på andre sida var det ingenting sjokkerande, ingenting som var viktig nok. Sven la torsken tilbake i posen og sa Jaja. Ein av desse ulltankane var å spørja Sven kva han hadde tenkt å gjera med den deformerte fisken, men det glapp og Ola sa ingenting. Sven lukka lokket på fryseboksen, hardt, og la eit trykk oppå for å sikra seg at det var godt lukka. Ola plukka opp filetpakkane frå golvet og kjente at det var bra å få litt blod til hovudet.

– Så, stigen! Vi får surra han på traktoren, så køyrer eg deg inn igjen, sa Sven.

Det gjekk ei stund etter at Sven stoppa traktoren, før skogslydane igjen fann seg til rette. Dei løyste stigen og tok han mellom seg, svinga ut der fotspora til Ola viste veg. Det var no han hørte det. Han hørte ingenting frå grantreet. Pesinga frå rotklumpen nådde ikkje ned til kjerrevegen som på morgonkvisten då han gjekk derifrå. Hadde vindretninga snudd og ført lyden med seg? Ola stega så raskt med stigen at Sven i den andre enden måtte be han gå saktare. Lett vind i tretoppene, knirk frå snøsteg, tungsjuk pust frå Sven, men ingen lyd frå rotklumpen.

Dei la ned stigen ved grantreet. Teltet lyste skarpt grønt i dagslyset mot skråninga bak. Arbeidslampen sto framleis på. Eller hadde det vore nokon her? Ingen damp frå rotklumpen, men feltet med barmark hadde blitt større sidan frukost. Sven sto, pusta. Ola gjekk ned til rotklumpen, kjente på skruen opp frå bakken. Mindre varm? Så kjente han på lengderota vekk frå rotklumpen med det opne såret; ja, slett ikkje så varm som før frukost. Det strålte enno varme frå det vulkanske såret, men det kunne sjå ut som at trefibermassane var seigare no. Han tok fram lommekniven, pirka borti. Joda, seigare. Prosessen hadde stilna heilt eller delvis. Men myntelukta var her framleis.

– Skal du ikkje opp i treet? ropte Sven, han sto bøygd over knea og pusta framleis tungt. *Sjuk mann i bøy ved sjukt grantre.* Ola nikka, gjekk til forteltet og henta plastikkposar til kongleprøven. Han tok ut torskefilet-pakkane frå jakkelomma. Igjen kjente han blodet koma til hovudet; ein ny tanke, ein frisk tanke og det friske fortalte han at han var trøtt. Desse må eg gløyma her, tenkte han og sleppte fiskepakkane ned på bakken mellom sekken og teltduken.

Sven hosta stygt igjen. Han ser ikkje god ut, tenkte Ola. Dei sto litt.

– Går det bra? spurte Ola. No var det Sven som nikka, men han blei ståande då Ola opna stigen og drog ut lengda. Han løfta stigen opp og svinga inn mot granstamma utan å venta Sven si hjelp. Og det føltes greitt, det var heilt ok at Sven ikkje var aktiv og ville blanda seg inn. Det einaste han trengte var Sven si kroppstygde ved stigefestet. Stigen strekte seg over dei tjukke midtgreinene og inn til der stamma smalna. Han ville fint nå nokre toppkonglar der. Ola sjekka steiketermometeret i stamma. 74 grader. Stigande, altså. Han snudde seg ein siste gong mot rotklumpen før han sette foten på stigen. Sven hadde alt ei hand på trinnet då Ola klatra oppover.

Han kjente med fingrane. Barnålene var tempererte. Saftigrøne, sterkduftande og tempererte. Han kunne ikkje sjå nokre kvistbrekk og sår innmed

stamma. Igjen hosta Sven stygt. Etter nokre steg vidare, bøygde Ola seg innover mot stamma. Stigen duva. Ola kikka ned. Sven sto lent sidelengs inn mot stigen. Frå fugleperspektiv såg det ut som om han støtta stigen med skuldra. Eller at det var stigen som pressa han ned mot bakken. Ola bøygde seg litt lenger inn, opna lommekniven og skrapa lett mot barken. Ingen celluloseflekkar. Ingen granstokkjuke. Han skar av ei flis, la i plastpose. Deretter skrapa han litt trefibermasse frå barksåret og la i ein ny. Ei ny hostebye frå bakken. Ola lente hovudet bakover, såg rett opp i kongleklasar. Heller ingen kroneutglising å snakka om. Opp der, henta kongleprøven, ned, så sova litt før bilturen heimover.

Varmen frå treet var tydeleg mot andletet hans, og lukka han auga no ville han ha døsa inn ståande i stigen. Ei lett risting frå grantoppen, eit lett kvisl frå stamma. Ei kråke letta frå nabotreet. Ola gnei seg over panna, trykte lett på augelokka, strauk over kinna. Vakna! tenkte han. Ingen misfarge, ingen synleg sopp, ikkje barnålstap, ingenting, ingenting. Men noko nytt likevel, ein ny, stigande lyd:

Ein ny stigande lyd av pes og sukk, noko i treet fekk ny fart, seriar av fres! noko regjerte i trefibermassane, noko ville fram der under barken, og grantreet lét det henda utan at barnålene bruna inn og fall av, berre ei lett risting som om ekornet kom springande, men det var Ola som kom klivande dei siste stega, eit res mot kongleprøven! og med ingen stige igjen, greip han tak i ei grein og hørte Svens veldige hosteanfall frå bakken i takt med den første lyden frå den første toppdampen, grantreet pusta ut og noko opna seg, små rifter i barken, Ola visste ikkje kva, men dampen kom og med den ein lyd av utslepp og med den ein ny lyd frå det som kokte der inne og med den ei ny hostebye frå bakken, og kva rista mest no av grantreet og stigen? og om treet hadde hatt språk som i natt, kva ville ha stått skrive i snøen då om ikkje *Vi elsker små handbevegelser, svaiande lys i mørke og eit tre som står godt i landskapet*, aldri aldri aldri hadde han sett moseeld, men no lysna det ein flamme over noko mose innmed barken, visst innihelvete flerra det av moseeld! og her kom mørke flekkar på kvar si side av grantreet og med desse flekkane kom nye tankesett; eit *ahhhh* der nede frå bakken og Ola såg Sven ligga ved stigerota, men sjølv om han tenkte eit alvor ville blikket opp, opp! og han greip ei ny grein med små varmetikk gjennom barnålene og inn i handflata, gode varmetikk og nye djupe sukk frå tredjupet, gode føter på stigen, godt arbeid og fram med ny plastpose, mosen i brann og ei ny, djup hostebye frå bakken, grantreet putra og sjokka og dei mørke flekkane var ikkje anna enn pop frå konglar som forlét greinene som mørke spor av skot vekk frå treet, *pop-pop-pop*, og Ola hørte eit Hjelp

frå bakken, men ordet slo ikkje inn her oppe slik det ville ha gjort det der nede, for Ola sikta seg inn på ein konge, heile treet rista no, og konglen freste som om ekornet var sint, ja, det kom damp ut mellom dekkskjella, og Ola strekte fram handa med den opne posen, og med gode føter på stigen var det berre å nappa konglen av med den andre handa, sjølv om han var glovarm, å, endeleg kongleprøven! ein hund gøydde langt borte og Ola fekk hjelp frå grantreet som kvitta seg med konglen som skaut seg rett ned i posen med eit *pop*, blei så liggande og summa seg litt før han smelta tvers igjennom botnen av posen og fall ned mot Sven som låg urørleg framfor stigen, noko Ola ikkje registrere fordi han følgde konglens fall med auga medan han merka at han og stigen hadde forlate grantreet, ut i fri luft.

Eirik Ingebrigtsen